



Til
Kunnskapsdepartementet

Dykkar referanse:
21/4454

Vår referanse:
004/21-515 SMS/GME

Oslo, 26. november 2021

HØYRINGSSVAR – OM FORSLAG TIL NY OPPLÆRINGSLOV

Høyringsvaret følgjer på dei neste sidene.

venleg helsing
Noregs Mållag

Synnøve Marie Sætre /sign/
fungerande leiar

Gro Morken Endresen /sign/
dagleg leiar

Innleiing

Opplæringslova er ei heilt sentral språklov og difor avgjerande for nynorsken sine kår. Det er på opplæringsfeltet store delar av språkpolitikken vert utøvd. Difor kviler Noregs Mållag sine innspel på ein heilt sentral premiss: Opplæringspolitikk er språkpolitikk.

Den noverande opplæringslova veg ikkje opp for dei ulike vilkåra til bokmåls- og nynorskelevar her i landet. Framlegget til ny opplæringslov tek nokre viktige grep for å betre tilhøva, men Noregs Mållag meiner framlegget ikkje går langt nok i å sikre nynorskelevane ei like god opplæring som bokmålselevane.

1.1.2022 trer den nye språklova i kraft. Denne slår i større grad enn mållova fast det offentlege sitt ansvar for språkpolitikken og det særlege ansvaret staten har for å fremje det mindre brukte språket. Med andre ord må språklova få gjennomslag på opplæringsfeltet på ein heilt annan måte enn mållova har hatt. Det tyder at situasjonen for nynorsk skal vurderast i all politikktutvikling der norsk språk er relevant. I høyringsnotatet skriv departementet:

"Departementet mener det er særlig viktig at den nye opplæringsloven ivaretar de språkpolitiske målene som regjeringen legger til grunn i den nye språkloven som ble vedtatt våren 2021. Det innebærer blant annet at eventuelle endringer i opplæringsloven ikke må redusere nynorskens posisjon eller bidra til å redusere eller fjerne eksisterende mindretallsrettigheter eller minoriteters rettigheter knyttet til språk (s 92)."

Eit av dei største trugsmåla mot nynorskelevane i dag er mangelen på digitale læremiddel, fysiske læremiddel, læringsplattformer og læringsverktøy på nynorsk. Den føreslegne lovteksten går ikkje langt nok i å sikre nynorsken sin posisjon, og på nokre felt svekkjer han nynorsken sin posisjon gjennom å fjerne rettar nynorskelevane har i dagens lov. Her bryt departementet med eigne lovnader.

For Noregs Mållag er det avgjerande at ei ny opplæringslov sikrar ein digital kvardag på nynorsk for nynorskelevane. Den nye digitale kvardagen fyller klasseromma til nynorskelevane med bokmålslæremiddel. Skal nynorskelevane få like god opplæring i og på språket sitt som elevar med bokmål som hovudmål, må den nye opplæringslova bli mykje tydelegare for å sikre læremiddel på nynorsk.

Prioriterte saker frå Noregs Mållag

Dei konkrete innspela våre som følgjer under, er sorterte i paragrafrekkjefølgje. Vi strekar difor under at dei to aller viktigaste sakene våre er § 3-1 om retten til opplæring i eiga språkgruppe ut heile grunnskulen og §§ 15-3 og 15-4 om retten til læremiddel og andre læringsressursar på eige språk.

MERKNADER TIL § 3-1

§§ 3-1 Bokmål og nynorsk for elevane i grunnskolen (første avsnitt, fyrste setning) og 6-1 Bokmål og nynorsk for elevane i den vidaregåande opplæringa (første avsnitt, fyrste setning)

Departementet vil erstatte kravet om obligatorisk sidemålsundervising på 9. og 10. trinn med eit generelt krav om opplæring i begge skriftspråka.

I dag slår opplæringslova fast at elevane skal ha opplæring i begge målformer dei to siste åra i grunnskolen, jf. § 2-5 sjette avsnitt, fyrste setning. I dag har læreplanen kompetansemål i sidemål alt på mellomtrinnet. Noregs Mållag er difor samd i at det er uheldig å avgrense sidemålsopplæringa til dei to siste åra no som læreplanen legg opp til sidemålsstart på fjerde trinn. Men det er viktig at ein ved å fjerne opplæringsåra, ikkje opnar for å starte endå seinare med sidemålsundervising.

Fyrste avsnitt regulerer også at elevar som har samisk, finsk, kvensk eller teiknspråk som fyrstespråk eller har særskilt språkopplæring, kan få fritak for sidemål. Noregs Mållag stør denne retten, men presiserer at dei opplista alternativa bør vere einaste grunnen til eit slikt fritak. Standpunktet vårt er likelydande gyldig for det som er regulert i § 6-5 for elevar i vidaregåande skule.

§ 3-1 Bokmål og nynorsk for elevane i grunnskolen

I dag og i framlegget til ny opplæringslov er det ikkje formulert ein rett til opplæring på eleven sitt hovudmål. Det er berre formulert ein rett til opplæring på eit anna hovudmål enn skulen sitt om ti elevar eller fleire ynskjer det. Det bør vere formulert ein rett til opplæring på det skriftspråket som kommunen har vedteke som hovudmål for skulen. Fleire skular med både nynorskelevar og bokmålslevar vel å blande desse elevane i same gruppe, sjølv om det ikkje er lov. Elevane må difor ha ein sterkare rett til opplæring på hovudmålet til skulen, og den retten må følgje dei ut grunnskulen slik at dei får den naudsynte opplæringa, modninga og mengdetreninga som trengst for å bli stødige språkbrukarar i sitt eige hovudmål.

Framlegg til ny formulering § 3-1 andre avsnitt, fyrste setning:

Elevane skal bruke og få opplæring i det skriftspråket som kommunen har vedteke som hovudmål for skolen, i det skriftlege arbeidet, og har rett til å gå i eiga gruppe i alle teoretiske fellesfag. Hovudmålet skal følgje eleven ut grunnskulen.

§ 3-1 Bokmål og nynorsk for elevane i grunnskolen

Departementet vil ikkje vidareføre at elevane skal ha lærebøker på hovudmålet i norskopplæringa, men held fast på at foreldra kan be om at eleven får lærebøker som ikkje er på opplæringsmålet i 1.–7. trinn.

Noregs Mållag meiner det er pedagogisk uheldig at elevar skal ha lærebøker på bokmål dersom hovudmålet deira er nynorsk, slik lova opnar for at foreldra kan velje i dag. Vi saknar ei grunngeving av dei føremonene denne retten er meint å skulle ha, då vi ikkje ser kva pedagogiske vinstar som skulle liggje til grunn her. I realiteten vil det nok på sikt fyrst og fremst tene til å undergrave hovudmålet som er vedteke ved skulen, dersom foreldre skulle bruke denne retten. Det bør difor framleis vere slik at lærebøkene skal vere på hovudmålet, inkludert i

norskfaget, for å sikre elevane ei best mogleg lese- og skriveopplæring. Læreplanverket seier om dei grunnleggjande ferdigheitene at dei "har betydning gjennom heile opplæringsløpet. Det går til dømes ei samanhengande linje frå den første lese- og skriveopplæringa til det å kunne lese avanserte faglege tekstar." Det å ha bøker på eit anna språk enn opplæringspråket, er til hinder, ikkje til hjelp for å fremje grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skiving. Det bør likevel vere opning for å ta i bruk lærebøker på sidemål i andre fag enn norsk som eit positivt sidemålsforsøk for elevar som har bokmål som hovudmål. Dei har så mykje lese- og skrivestøtte rundt seg på bokmål i det daglege, at dei kan ha ein fordel av å få meir av nett det på nynorsk.

Framlegg til ny formulering § 3-1, andre avsnitt, andre setning:

Elvane skal ha bøker på hovudmålet, med ei opning for å ta i bruk lærebøker på nynorsk i andre fag enn norsk som sidemålsforsøk for elevar med nynorsk som sidemål.

Framlegg til § 3-1, andre avsnitt. Stryk tredje setning:

"Elevar på 8. til 10. trinn vel sjølve om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som hovudmål, og om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk."

**§ 3-1 Bokmål og nynorsk for elevane i grunnskolen
(til tredje avsnitt)**

Departementet føreslår å utvide retten til opplæring i ei eiga gruppe på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke, til å gjelde også for elevar på 8. til 10. trinn.

Det er historisk at departementet med dette føreslår ein heilt ny språkrett til norske elevar. Noregs Mållag meiner dette framlegget vil betre situasjonen for nynorskelevane i randsona av nynorskområdet. På ungdomsskular med både nynorskelevar og bokmålelevar i dag fører denne manglande retten til at nynorskelevane hamnar i mindretal i store klassar og vert underviste på bokmål.

**§ 3-1 Bokmål og nynorsk for elevane i grunnskolen
(Til tredje avsnitt)**

Departementet vil vidareføre retten til opplæring i ei eiga gruppe på barnetrinnet på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke, men slik at det er kommunen som avgjer kva for ein skule som skal gi tilbodet når elevane er spreidde på fleire skular.

Departementet føreslår å flytte avgjerda om kva skule elevane skal få opplæring i anna skriftspråk enn opplæringspråket i krinsen på, frå foreldra til kommunen. Dagens formulering er slik: «Når elevane er spreidde på fleire skolar i kommunen, vedtek foreldra med vanleg fleirtal kva skule tilbodet skal givast ved». Mållaget hjelper kvart år foreldre som vil opprette nynorskklassar for ungane sine og veit at kommunen ofte aktivt motarbeider slike opprettingar. At kommunen difor kan velje kva skule tilbodet skal opprettast på, kan bli brukt for å gjere slike opprettingar mindre attraktive for foreldra, og såleis hindre ein ekstra kostnad for kommunen. Noregs Mållag rår difor sterkt frå å flytte avgjerda frå foreldra til kommunen.

Framlegg til ny formulering § 3-1 avsnitt 3, setning 3:

Når elevane er spreidde på fleire skolar i kommunen, vedtek foreldra med vanleg fleirtal kva skole tilbodet skal givast ved.

MERKNADER TIL § 15

§ 15-1 Opplæringspråk og talemål

Departementet skal ha ros for at dei slår fast at: «Opplæringa skal vere på norsk, samisk eller norsk teiknspråk». Dette vil stengje for at skular i framtida vil ha engelsk som opplæringspråk i skulen, og såleis hindre ei slik undergraving av norsk språk.

**§ 15-2 Hovudmål på kvar skule
(Til første avsnitt)**

Departementet vil vidareføre at kommunen skal gje forskrift om det er bokmål eller nynorsk som skal vere hovudmålet ved kvar skule, og lovfeste det same for fylkeskommunen.

Praksis i dag er at korkje ungdomsskular eller vidaregåande skular har eit hovudmål, og at det er opp til leiinga på skulen kva språk skulen skal administrerast på. Både i ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen har det vore opp til kvar einskild lærar kva språk dei vil undervise på. Å innføre eit hovudmål også på desse skulane vil kunne trygge nynorskbrukarane i randsonene om fylkeskommunen vedtek at dei vidaregåande skulane i tradisjonelt nynorske område skal ha nynorsk som hovudmål. Det same gjeld på ungdomsskular.

**§ 15-2 Hovudmål på kvar skule
(til andre avsnitt)**

Departementet vil vidareføre kravet om rådgjevande folkerøysting ved skifte av skriftspråk i grunnskulen.

Noregs Mållag er svært glad for at Kunnskapsdepartementet gjekk vekk frå utvalet sitt framlegg om å fjerne kravet om rådgjevande folkerøystingar ved skriftspråkskifte.

§ 15-3 Læremiddel

Departementet vil ikkje vidareføre kravet om retten til læremiddel på hovudmålet i norskfaget.

I gjeldande opplæringslov er det slege fast at «I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet» og «Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk».

Departementet argumenterer med at elevane skal lære seg både nynorsk og bokmål og at denne retten i norskfaget ikkje er naudsynt. Noregs Mållag meiner den einaste måten å sikre at nynorskelevane får ei god nok opplæring på nynorsk, er å sikre at dei les og ser nynorsk rundt seg. No opnar ein i praksis for bokmåls læremiddel i norskfaget for nynorskelevar frå fyrste dag i barneskulen.

Alt i dag er dette eit veksande problem, og ei fersk masteroppgåve (<https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/handle/11250/2780787>) av Liv Astrid Skåre Langnes ved Nynorsksenteret viser tydeleg resultatet av det ulne kravet om «nok tilfang på begge målformer». Granskninga hennar syner at eit stort fleirtal av tekstane i lesebøkene til nynorskelevane i ungdomsskulen, er på bokmål. Det gjev nynorskelevane eit dårleg utgangspunkt for å lære hovudmålet sitt godt.

Framlegg til ny formulering § 15-3 Læremiddel fyrste avsnitt, ny tredje setning:

I norskfaget skal elevane ha læremiddel på hovudmålet, men med nok tekstar på sidemålet til å oppnå kompetansemåla i læreplanen.

§ 15-3 Læremiddel

Departementet føreslår å vidareføre parallellitetskravet og unntaka frå dei, slik at definisjonen av eit læremiddel er uendra.

I dag er det opp til kvar einskild kommune eller fylkeskommune å vurdere om eit læremiddel vert brukt jamleg og dekkjer vesentlege delar av opplæringa. Utan endring av definisjonen, vil skulekvardagen til nynorskelevane framleis vere fløymd over med digitale læremiddel på bokmål.

I framlegget til opplæringslov er ikkje definisjonen av eit læremiddel presis nok og femner ikkje det digitale feltet i stor nok breidd. Dermed hamnar framleis like mange digitale læremiddel eller verktøy i ei gråsone, og praksisen med å tilby bokmålsversjonar til nynorskelevar kan halde fram.

For å få tilskot til å kjøpe inn digitale læremiddel må kommunar og fylkeskommunar i dag halde seg til dei læremidla som finst i oversynet til Utdanningsdirektoratet. I teorien skal alle desse læremidla liggje føre på nynorsk og bokmål. Men det er produsentane sjølv som rapporterer at dei etterlever kravet, det finst ingen ekstern kontroll med at læremidla på lista faktisk ligg føre i fulle versjonar på bokmål og nynorsk. Ei slik kontrollert liste over lovlege læremiddel burde liggje føre både for digitale og for trykte læremiddel. Det ville gjort arbeidet til skuleeigarane lettare, og det ville sikra at alle skular, både bokmåls- og nynorskskular, hadde lett tilgang til å etterleve lova. Det er både spesielt og unødig arbeidskrevjande at 356 kommunar kvar for seg skal finne fram i mylderet av læringsressursar skulane får tilbod om, og ei kontrollert liste er ein praktisk framgangsmåte fram til departementet landar på ei betre og meir sentralregulert ordning enn det ein har i dag. Framlegget inneber ikkje at sjølve læremidla skal godkjennast av ein offentlig etat, men at det blir ført oversyn over kva som ligg føre i både bokmåls- og nynorskversjon. Eit anna verkemiddel kan vere at læreplanane ligg før minst eitt år før dei skal setjast i verk. Det vil gje forlaga den tida dei treng for å sikre alle læremiddel til skulestart.

Vi føreset at dei små faga (under 300 elevar) framleis har krav om språkblanda bøker.

Framlegg til ny ordlyd i § 15-3. Læremiddel:

I norsk og samisk kan skolen berre bruke læremiddel som følgjer offisiell rettskriving. Kommunen og fylkeskommunen skal sørgje for at det i opplæringa berre blir brukt læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som vert brukte i opplæringa for å nå kompetansemåla i læreplanverket. Krava gjeld for alle digitale og ikkje-digitale verktøy som er laga for

opplæringsssiktemål eller som blir brukte i opplæringsssiktemål. Unntak frå lova må vurderast og grunnjevast særskilt.

Krava gjeld ikkje

a) læremiddel i faget norsk

b) læremiddel i fag med årskull med 300 eller færre elevar

c) læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del

§ 15-4 Ordlistar, ordbøker og skriveprogram (til andre avsnitt)

Departementet vil lovfeste at skulen, så langt det er mogeleg, skal bruke skriveprogram som stør både bokmål og nynorsk, og som følgjer offisiell rettskriving.

Det er svært gledeleg at departementet går inn for å lovfeste at skulane skal bruke skriveprogram som stør både bokmål og nynorsk, men uheldig at dei utvatnar framlegget med formuleringa «så langt det er mogeleg». I høyringsnotatet står det: «Departementet ber om høyringsinstansenes synspunkter på om det er behov for en slik åpning for unntak fra kravene for skriveprogrammer» (s. 103). Eit slikt unntak svekkjer kommunane og fylkeskommunane sin posisjon når det gjeld å stille krav i innkjøpsprosessar. Det må vere slik at kommunar og fylkeskommunar har sterke og klare formuleringar i lova å halde seg til i dialog med store internasjonale selskap.

Ei ny opplæringslov må difor vere klokkeklar i kravet til læringsverktøyproduzentane. Skal dei få innpass i skulen, må dei levere produkt på både nynorsk og bokmål til same pris og same tid.

Framlegg til ny ordlyd § 15-4 andre avsnitt:

Skolen skal bruke skriveprogram som størtar både bokmål og nynorsk, og som følgjer offisiell rettskriving.

§ 17-2 og § 17-3 Krav om kompetanse for å bli tilsett som lærar og relevant kompetanse i undervisningsfag

For å sikre at alle elevar i den norske skulen får god opplæring i både hovudmålet og sidemålet sitt, er det avgjerande at lærarane meistrar både nynorsk og bokmål. § 17-2 slår fast at «Den som skal tilsetjast i lærarstilling, skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse seinast når vedkommande

tek til i stillinga». I dette må det liggje at relevant fagleg og pedagogisk kompetanse femnar om nynorskkompetanse, same kva fag læraren skal undervise i. Det er viktig å minne om at skriving er ei

ferdigheit som skal øvast opp i alle fag, ikkje berre i norskfaget. Slik vert nynorskkunnskapen til lærarane ein viktig kompetanse i alle skriftlege fag. I dag er låg nynorskkompetanse eitt av dei største trugsmåla mot nynorsken i skulen og ein av grunnane til språkskifte særleg i randsonene.

§ 17-8 Krav om kompetanse i skolen

I framlegget til ny opplæringslov heiter det i fyrste avsnitt, fyrste setning: «Kommunen og fylkeskommunen skal sørgje for at lærarar har relevant kompetanse i dei faga dei skal undervise i». Dette krev at kommunar og fylkeskommunar har lærarar som meistrar nynorsk der dei skal

undervise nynorskelevar - og som tilbyr dei som ikkje er gode nok, etterutdanning. Statsforvaltaren bør føre tilsyn med at kommunar og fylkeskommunar oppfyller dette kravet.

Læreplanverket definerer lesing og skrivning som grunnleggjande ferdigheiter som skal øvast opp i alle fag, og slår mellom anna fast at "desse ferdigheitene er del av den faglege kompetansen og nødvendige reiskapar for læring og fagleg forståing. Dei er òg viktige for utviklinga av identitet og sosiale relasjonar hos elevane og for å kunne delta i utdanning, arbeid og samfunnsliv. [...] Lærarar i alle fag skal støtte elevane i arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter."ⁱⁱ For å nå måla i læreplanverket også for nynorskelevar, er det avgjerande at lærarane i alle teoretiske fag har reelle kvalifikasjonar i nynorsk, ikkje berre formelle. Det vil opne for at også nynorskelevar kan få den avgjerande mengdetreninga som ligg til grunn for ei god lese- og skriveopplæring.

Tilsyn

Noregs Mållag merkjer seg at departementet skriv:

Departementet mener at det er viktig at kommunene og fylkeskommunene er seg sitt ansvar bevisst, og at de både etterlever parallellitetskravet og at elevene får tilgang til læremidler på skriftspråket sitt. Departementet mener, i likhet med utvalget, at det ikke er hensiktsmessig at Språkrådet overtar statsforvalterens myndighet til å føre tilsyn med språkreglene i den nye loven. Departementet vil imidlertid understreke at det er viktig at statsforvalteren gjør en risikovurdering og vurderer om det bør åpnes tilsyn for å avklare om kommunenes og fylkeskommunenes praksis er i samsvar med minimumskravene i loven (s. 102)

Dette er svært viktig. Noregs Mållag har i fleire høve peika på at kommunane bryt opplæringslova utan at det har konsekvensar. Det har etter det Noregs Mållag veit, aldri vorte ført tilsyn med rettane til nynorskelevane etter opplæringslova. Statsforvaltaren må gjere ei risikovurdering både av læremiddelsituasjonen, klasseblanding og nynorskkompetansen til lærarane for å finne ut om nynorskelevane får oppfylt rettane sine etter lova.

Om tiltak for samisk, kvensk eller finsk og norsk teiknspråk

Vi stør alle tiltak frå departementet som styrkjer elevane sin rett til god opplæring på samisk, kvensk eller finsk og norsk teiknspråk i den nye lova.

ⁱ Læreplanverket, overordna del, kapittel 2.3 Grunnleggjande ferdigheiter

ⁱⁱ Læreplanverket, overordna del, kapittel 2.3 Grunnleggjande ferdigheiter